


Avgifter sin del av nettleiga:
(Hushald med årsforbruk på 20 000 kWh)



Kva går nettleiga til?

Sunnfjord Energi jobbar kvar dag for å halde straumen sikker og stabil til deg som kunde og for å stette myndigheitspålagde krav til kvalitet ved levering av straum. Nettleiga inkluderer utbygging, vedlikehald og drift av straumnettet, samt beredskap døgnet rundt. Fornying og utvikling av nettet i Sunnfjord og ytre Sogn er naudsynt for å sikre at moderne infrastruktur også er tilgjengeleg i distrikta. I tillegg til nettleiga er Sunnfjord Energi pålagt å krevje inn offentlege avgifter til Staten. Dette gjeld forbruksavgift, avgift til energifondet Enova og meirverdiavgift.

ENØK

Styresmaktene har bestemt at all ENØK-verksemd som er finansiert over nett-tariffen, skal styrast av eit statsoppretta selskap:

ENOVA SF

ENØK-spørsmål?

Ta kontakt på telefon: 800 49 003

Enøk-informasjon på internett finn du på:

ENOVA SF www.enova.no

Avrekningsterminar:

Alle anlegg vert avrekna kvar månad.

Opningsgebyr:

kr 2.150,- inkl. mva (i ordinær arbeidstid: 07.30–15.20)

kr 3.500,- inkl. mva (utanom ordinær arbeidstid)

Rente ved for sein betaling:

8,75% p.a. frå 1.1.2019 (%-sats vert fastsett av finansdep. 1.1 og 1.7)

Purregebyr:

Kr 70,- (Gjeldande pr. 1.1.2019)

Betalingsfrist:

14 dagar frå fakturadato.

Inkassorutiner:

Innkrevjing av forfalte krav vert utført av KREDINOR

Offentlege avgifter:

- Enovaavgift til hushald 1,0 øre/kWh, anna forbruk 800,00/år pr. målep.-ID. Eks. mva.
- Forbruksavgift 15,83 øre/kWh. Eks. mva.
- Meirverdiavgift 25 %

Eventuelle nye el. endring i eksisterande off. avgifter kjem som tillegg.


Har du spørsmål om prisar eller søkjer anna informasjon, ta kontakt.



firmapost@sunnfjordenerginett.no

www.sunnfjordenerginett.no

Tlf. 57 72 23 10



VAKT
telefon

57 72 23 40

Rein Design



NETTLEIGE GJELDANDE FRÅ 1. JANUAR 2019

Vår nett-tariff er uendra i høve til 2018.

Offentlege avgifter:

Forbruksavgifta til staten går frå 20,725 til 19,788 øre/kWh inkl. mva.



MÅLARAVLESING

www.sunnfjordenerginett.no
eller SMS til 26166
(registrer deg og
få varsel på mobil)

Hushald/fritidshus

Prisar for nettleige inkl. påslag til Energifondet (Enova)

Mindre anlegg med hovudsikring til og med 125A/72A/42A (230V/400V/690V)

(Effekt under 50 kW) inkl. avg. eks. forbr. avg./mva

Fastbeløp, kr/år	2.737,50	2.190,00
Energiledd, øre/kWh, låg/høg	59,40/63,36	31,69/34,86
Gjennomsnittspris v/ 20.000 kWh/år:	75,47 øre/kWh	44,54 øre/kWh

LÅGLAST/HØGLAST

Forskrifter krev at alle everk tilbyr nettleige med ulik energipris gjennom året. Vår inndeling er: Høglast 1. og 4. kvartal, låglast 2. og 3. kvartal.

NETTLEIGE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) regulerer kva inntekt det enkelte nettselskap kan ta inn i nettleige. Det betyr at NVE fastset og kontrollerer inntektene til nettselskapa. Nettleiga skal dekke kostnader med å få strømmen trygt fram til deg som kunde. Sunnfjord Energi AS har ein leveringssikkerheit på over 99,9 prosent.

AVGIFTER I TILLEGG TIL NETTLEIGA

Frå 01.01.2019 skal 15,83 øre/kWh + mva, tilsaman 19,788 øre/kWh i forbruksavgift krevjast inn til staten som tillegg til energileddet i nettleiga.

Påslaget på nettleiga til Energifondet:

- Hushaldningsforbruk, påslag på 1 øre/kWh som tidlegare:
 - Med hushaldningsforbruk meiner ein bruk av elektrisk energi for einebustader, leilegheiter, hyblar og fritidsbustader, her også hytter, seter, koier o.l.
 - Fellesvaskeri, garasjar og andre fellesanlegg i eller for bustadar m.v. som nemnt under hushaldningsforbruk.
- For andre sluttbrukarar enn hushald skal påslaget vere kr 800,00 pr. målepunkt-ID pr. år og inkluderast i fastledd på nettleiga.

Næring

Mindre næring m.m. (kWh avrekning)

Pris for nettleige eks. forbruksavgift og mva, inkl. påslag til Energifondet (Enova)

Anlegg med hovudsikring til og med 125A/72A/42A (230V/400V/690V)

Fastbeløp, kr/år	2.990,00
Energiledd, øre/kWh, låg/høg	30,69/33,86

Byggestraum

For mellombels anlegg, kraft til byggeplassar m.m., må kunden betale alle utgifter ved framføring av kraft.

I tillegg til standard nettleige, kjem montering kr 1.750,-, demontering kr 1.750,- og skåpleige kr 370,00 pr. mnd.

Frist for montering av byggeskåp er sett til 5 dagar frå bestilling. Forsert montering av byggeskåp, før 5 dagar, medfører ekstra kostnad på kr 1.750,-

Veglys Enkeltstående veglys 125W m/fotocelle. Avrekna forbruk 500 kWh/år. I tillegg fastledd kr 100,-/år. Ved 3 eller fleire punkt skal det leggst til rette for målar.

Andre tilleggsstenester

Sjå prisar: www.sunnfjordenerginett.no

Reaktiv effekt

For anlegg med uttak over 50 kW og effektfaktor under 0.9, kan e-verket kreve:

- at kunden betrar effektfaktoren eller
- Uttak av reaktiv effekt utover effektfaktor 0.9 belastast kunde etter gjeldande tariff.

LEVERINGSPLIKT

Alle nettselskap er pålagt å levere strømmen inntil kunden har inngått kraftleveringsavtale med ein kraftleverandør. Dette for å sikre at kundane ikkje mistar strømmen ved flytting, eller når leverandøren ikkje lenger kan levere strømmen, for eksempel ved konkurs. Prisane nettselskapet kan ta er regulert av NVE dei første 6 vekene.

- Dei første seks vekene vil strømprisen vere lik spotpris i området + 5,0 øre/kWh, eks. avgifter.
- Etter seks veker aukar strømprisen til spotpris i området + 8,7 øre/kWh pluss eit fastledd på kr. 20,-pr. mnd, alt eks. avgifter.

Leveringsplikt er meint å vere ei midlertidig ordning til kunden har valt kraftleverandør og er dyrare enn vanleg kraftleveringsavtale. Liste over kraftleverandørar i området finn ein på:

www.sunnfjordenerginett.no

Næring

Pris for nettleige eks. forbruksavgift og mva, inkl. påslag til Energifondet (Enova)

PRIORITERT

Gjeld anlegg med maksimalregistrering/timeregistrering. Fastbeløp for året vert fastsett ut frå gjennomsnitt av dei tre høgste månadsmaksimalane siste år.

Avrekning på etterskot kvar måned.

Anlegg med hovudsikring over 125A/72A/42A (230V/400V/690V)

NETTLEIGE = Fastbeløp + Effektkostnad + Energikostnad

Fastbeløp pr. kunde kr pr. år

Effektuttak under 50 kW	3.300,00
Effektuttak mellom 50 og 200 kW	11.080,00
Effektuttak mellom 200 og 1000 kW	24.970,00
Effektuttak over 1000 kW	41.000,00

Effektkostnad kr pr. kW/år

Av dei første 50 kW	1110,00
Av dei neste 150 kW	960,00
Uttak over 200 kW	830,00

Effekt vert rekna etter høgste verdi i avrekingsperioden.

Energikostnad

Låg/høg	
7,09/9,04 øre pr. kilowattime levert med spenning 230V/400V/690V	
6,36/8,31 øre pr. kilowattime levert med spenning 22.000V	

FLEKSIBEL TARIFF

Fleksibel tariff vert kun tilbydd for kundar med momentan utkopling. **Avrekning på etterskot kvar måned.**

NETTLEIGE = Fastbeløp + Energikostnad

Utkopling Momentan	Effekt kjel over 500 kW	Effekt kjel under 500 kW
Fastbeløp, kr/år	6.300,00	3.600,00
Energiledd, øre/kWh, låg/høg	8,82/11,17	8,82/11,17

Sunnfjord Energi AS har etter retningslinjer frå NVE om utrekning av nettleiga, informasjonsplikt overfor kundar om utrekningssgrunnlag og –prinsipp.